



Core Arkitektur Lill-Barbro Bødtker
Eidsvågveien 32
5101 EIDSVÅGNESET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/322 - 18/8184

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

16.04.2018

Godkjenning- endring av gitt løyve GBNR 19/32 - tilbygg, påbygg, fasadeendring til bustad Nedre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 84/2018

Tiltakshavar:

Tor Arne Dale og Kamilla Strømsbo Dale

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av tidligare godkjent tiltak – tilbygg, fasadeendring, påbygg til bustad. Tidligare den 28.06.16 ble det gjeve endringsløyve av rammeløyve, datert 19.04.16. Det ble den 09.04.18 gjeve midlertidig bruksløyve for delar av tiltaket som råkar ikkje endringar som ble omsøkt nu.

Søknaden om endring omfattar følgjande:

- Areal godkjent som innbygd garasje utgår i bustads 1.etasje
- Areal for garderobe og bi-inngang skal etablerast istedanfor planlagt garasje

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, søknad om endring av rammeløyve og endringsløyve som omsøkt. Det blir vist til søknad om endring med vedlegg journalført motteke 05.04.2018, samt vedlagt ny godkjent planteikning for 1.etasje. Rammeløyvet av 19.4.2016 og endringsløyve av 28.06.16 gjeld elles så langt det ikkje er endra gjennom føreliggjande vedtak.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt ikkje anna følgjer av vedtak ovanfor eller rammeløyvet av 19.4.2016.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelloven.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Byggjeløyyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyyvet.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det gebyr ettersendt i saka.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt løyve GBNR 19/32

Søknad om endring av gitt løyve - brev

Følgeskriv

Fasade nord og øst

Fasade sør og vest

Gjennomføringsplan

Plan 1

Plan 2

Plan 3

Kopi til:

Tor Arne Dale

Mottakarar:

Core Arkitektur Lill-Barbro Bødtker Eidsvågveien 32 5101

EIDSVÅGNESET